



Meland kommune
Postboks 79

5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:
Vår: 16/327 - 17/870

Saksbehandlar:

Øivind Olsnes
oivind.olsnes@modalen.kommune.no

Dato:

21.04.2017

Melding om vedtak - Brannsamarbeid mellom kommunane Lindås, Meland og Modalen

Kommunestyret - Sak 022/2017:

Det er gjort slikt vedtak i saka:

Modalen kommunestyre vedtek å ta del i felles samarbeid om brannvern og beredskap for kommunane Lindås, Meland og Modalen med verknad frå 01.05.17.

Brannordninga er organisert som vertskommunesamarbeid utan nemnd etter Kommuneleva § 28b, der Lindås er vertskommune.

Vilkåra som framkjem av vedlagt *Samarbeidsavtale* og *Brannordning* for kommunane vert lagt til grunn, der mellom anna slike økonomiske vilkår er særskilt avtalt for Modalen kommune:

- Modalen kommune skal betale eit årleg grunnbeløp – stort kr 600.000. Grunnbeløpet skal indeksregulerast pr. 1.5. - første gong i 2018 - tilsvarande fastsett samla pris- og kostnadsvekst (kostnadsdeflator) i statsbudsjettet.
- Modalen kommune skal betale ein andel av årleg driftsbudsjett utrekna etter folketallet i kommunane (Modalen sin andel -1.6%). For 2017 utgjer dette ca. kr 315.000.
- Modalen kommune betalar inn ei ekstra årleg innbetaling for åra 2017, 2018 og 2019 (fast stor kr 200.000.- pr år). Dette skal dekkja avvik i forhold til «Rein brannmann» og avvik i forhold til kompetanse og utstyrsbehov forankra i lokal ROS.
- Mannskapa i Modalen har høgare sats for personsøklar-tillegget enn mannskapa i Lindås og Meland. Denne differansen vert dekkja av Modalen kommune som ekstra bevilgning.
- Modalen kommune kostar utbetring av stasjonen på Mo og inngår leigeavtale med vertskommunen om dette.
- Modalen kommune må sjølv betale kostnader for å oppretthalde drifta av branngarasje/depot på Øvre Helland, men bruk av anlegg/utstyr vil inngå i samarbeidet.
- Bilar og utstyr som Modalen eig skal vere med inn i samarbeidet. Drift/vedlikehald vert ivareteke av samarbeidet. Modalen kommune står framleis som eigar av sine bilar og dei

vert derfor ikkje omregistrert. Ved eventuell retrett (oppseiing) frå avtalen vil bilane og utstyret tilhøyre Modalen kommune. Ved seinare trong til utskifting av bilar vil dette verte gjort gjennom samarbeidet.

- Inkludert i avtalen er kostnader til TETRA, 110 og IUA. Kostnader til Sivilforsvarets sitt lager blir halde utanfor (gjeld også for Lindås og Meland).

Modalen kommunestyre delegerer til Brannsjefen i samarbeidet (Rådmannen i Lindås kommune) alle oppgåver med beredskap og feiing som er heimla i brannlova med tilhøyrande føresegner og retningslinjer.

Brannsjefen skal også ivareta og utøve det brannfaglege mynde på vegne av Modalen kommune i følgjande samarbeidsorgan:

- Avtale mellom kommunane Masfjorden, Modalen, Gulen og Solund om samarbeid for å utføre lovpålagt feiing og tilsyn med fyringsanlegg i desse 4 kommunane.
- Avtale for samarbeid om ei felles førebyggjande avdeling innan brannvern for kommunane Lindås, Meland, Austrheim, Gulen, Masfjorden, Radøy, Solund, Modalen og Fedje.

Rett utskrift:

Øivind Olsnes
Rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Kopi til:

Hogne Haugsdal
Karl Johannes Romarheim
Kjell Langeland

Mottakere:

Lindås kommune
Meland kommune

ISDALSTØ
FREKHAUG